

Årsmelding Lye barnegospel 2018

Tal på øvingar og opptredenar

Våren 2018: 13 øvingar og 4 opptredenar

Hausten 2018: 14 øvingar og 7 opptredenar

Medlemstal

0-5 år: 5

6-12 år: 20

Året 2018

Lye barnegospel er eit kor for barn mellom 5 år og til og med 5. klasse. Me øver kvar måndag på Lye forsamlingshus. Me har hatt eit innhaldsrikt og kjekt år, med mange kjekke oppdrag. To opptredenar som var ekstra kjekke var Jærdagsgudstenesta i mai og konsert med Bjarte Leithaug og fleire andre kor frå kyrkjene i Time under bispevisitasen i november. Elles har me vore med på to gudstenester på Lye forsamlingshus, to gudstenester i Time kyrkje, inkludert julaftan, basar på forsamlingshuset, julemesse på Undheim og «Me syng jula inn» på forsamlingshuset. Me vil også nemne barnemøtene på forsamlingshuset i september, der me fekk vere med og syngje. Det var veldig flott!

Me har hatt eit nokså stabilt oppmøte på om lag 20 stk til kvar øving. Det er ekstra kjekt å sjå at me har hatt nokre få gutar med dette året.

I fjor endra me reglane, slik at dei som var eldst i koret fekk vere med vidare, etter dei var ferdige i 3. klasse. No har me også hatt med dei som er i femte klasse, og håpar desse vil vere med gjennom heile barnetrinnet.

Leiarar i koret er som før Marianne Egeland Hauge, Morten Slettebø og Ragnhild Hanssen.

Takk for eit godt år med Lye barnegospel!

Ragnhild Hanssen , Lye 19/2-19